

Ferdigheit:	Å gjere det trygt å prøve
	• Kven her har hatt lyst til å prøve noko utan å tørre, fordi du var usikker på om du ville få det til, eller om du ville dumme deg ut om det ikkje gjekk? (Rekk opp handa sjølv også) • Korleis kjennest det å ha lyst, men ikkje tørre? • Kva er den verste reaksjonen andre kan gi viss ein prøver, men ikkje får det til? Fortel: Her i klassa vår vil vi gjerne at det skal vere slik at alle skal tørre å prøve å gjere det dei har lyst til, også når vi er usikre på om vi kjem til å få det til. Å prøve noko utan å vite om ein lykkast, er eit viktig steg i læring. Derfor skal vi øve på å gjere det trygt å prøve!
	Kvifor er det lurt å gjere det trygt å prøve? Kven er det bra for? • Bra for meg/deg: - fordi det er kvar sin gong å vere usikker og trenge støtte. • Bra for oss: - fordi vi får det betre saman og lærer meir!
	Kva tenker de er lurt å seie eller gjere til nokon som har lyst til å prøve noko? Dette er ofte lurt og hjelpesamt når nokon er usikre på om dei tør å prøve: 1. Vis at du forstår kjensla med eit vennleg, snilt blick/smil. Eventuelt spør om det kjennest skummelt, eller sei at du forstår at det kjennest slik. 2. Sei gjerne noko hjelpesamt eller oppmuntrande som: «Dette trur eg du får til!» «Klart du tør!» «Prøv viss du vil, det gjer ingenting om du ikkje får det til!» «Eg syntest også det var vanskeleg før eg lærte det, men eg trur det går bra!» «Vil du ha hjelp?» «Vi heier på deg!»
	1. Samarbeid og finn ut korleis ein kan sjå ut når ein er usikker på om ein tør noko, og korleis ein kan vise den som har det slik at ein forstår. Korleis kjennest det når nokon viser at dei forstår? 2. Finn ut kva de ville likt at nokon sa dersom du var usikker på å tørre: • Å hoppe/stupe i bassenget • Å vise noko du kan framfor veldig mange folk • Å begynne på ein ny aktivitet der mange er gode 3. Rollespel at nokon har lyst til å tørre noko, og vennene gjer det trygt å prøve. Eller teikn ein liten teikneserie der nokon støttar ein venn som vil tørre å prøve noko nytt.
	Framover skal vi prøve å gjere dette når vi oppdagar at nokon har lyst å prøve noko, men er usikre på om dei tørr. Vi skal heie på kvarandre og gjere det trygt å prøve!